



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Anniken Friis, 5557 2313

Vår dato  
05.09.2018  
Dykkar dato  
10.08.2018

Vår referanse  
2017/11554 561  
Dykkar referanse

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

### **Merknad til supplerande høyring om konsesjonssøknad for Onarheim kraftverk i Kvinnherad kommune**

Vi viser til supplerande høyring om konsesjonssøknad for Onarheim kraftverk. Etter justerte planar vil ein flytte inntak og lukehus frå enden av Bremstølsvatnet til elveløpet om lag 170 meter lenger nede. Alternativet gir ingen andre endringar i røyrgatetrase eller arealinngrep. Endringa vil samla sett redusere produksjonen med om lag 1,4 GWh/år, dersom ein også får løyve til å auke slukeevna frå 3,15 m<sup>3</sup>/s til 3,4 m<sup>3</sup>/s. Søkjar meiner at nye planar gjer at konflikt med friluftinteressene mot turmålet ved Bremstølen vert redusert, då delar av eksponert elvestrekkje vert spart for inngrep.

Fylkesmannen viser til brei lokal deltaking på synfaringa i området. Engasjement rundt planane stadfester at området rundt Hellandselva har stor regional verdi som friluftsområde. Området er lett tilgjengeleg for ulike grupper i befolkninga, og har gode kvalitetar for eit variert friluftsliv.

Fylkesmannen har tidlegare uttalt at søkjar undervurderer konflikt med dokumenterte friluftinteressar. Justerte utbyggingsplanar kan isolert sett vurderast å vere mindre konfliktfylte enn opphavlege planar. Vår hovudstandpunkt er likevel at utbygging i dette området er i vesentleg konflikt med landskap, opplevingsverdi og friluftsliv.

Fylkesmannen viser til vår fråsegn av 29. november 2017 der vi rådde frå bygging av Onarheim kraftverk.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljøvernssjef

Anniken Friis  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Kvinnherad kommune  
Hordaland fylkeskommune  
Miljødirektoratet  
Forum for Natur og Friluftsliv i  
Hordaland v/ Bergen Turlag

Rosendalsvegen 10	5470	Rosendal
Postboks 7900	5020	Bergen
Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN